

## Unge kvinnheringar i samspel med Tine Thing Helseth.

26.10.2012

**I kveld møtest flinke musikkungdommar frå Uskedalen, frå resten av Kvinnherad og frå fylket elles til helgesamling i Hordaland Ungdoms Brass Band(HUBB). På denne samlinga får dei selskap av vår unge verdsstjerne Tine Thing Helseth. Ho skal vera solist med HUBB på avslutningskonserten søndag som inngår i Kulturfest Åsane. Konserten er på Tertnes videregående skole kl.16 søndag ettermiddag.**

HUBB er eit svært godt tilbod til interesserte korpsungdommar i fylket. Dei siste 6 åra har mange ungdommar frå våre bygder hatt glede av denne inspirasjonskjelda. Leiarane Ole Johan Aarlie og Kjersti Pisani har heile tida lagt ned ein stor innsats for at ungdommane skal få eit best mogeleg tilbod. Denne gangen har dei gjort eit skikkeleg varp når dei har fått vår unge verdsstjerne med på samlinga. Ho har m.a. takka nei til konsert i London for å vera saman med HUBB denne helga.

Det vert nok ein del kvinnheringar også blant publikum på konserten søndag ettermiddag. Tertnes kan vera målet for ein fin søndagstur for å oppleve lokale ungdommar i samspel med ei ung, framadstormande verdsstjerne. Ikkje minst er konserten eit godt tilbod til lesarane våre i Bergensområdet. Det vert garantert ei flott konsertoppleving.

Av: Thor Inge Døssland.